



Ordfører Hans Erik Ringkjøb
Voss kommune
Boks 145
5701 VOSS

Dato: 25.04.2017
Vår ref.: 2014/14233-11

:

Kostnadsdeling ved avvikling av stiftinga Regionsenter for husflidnæring

Viser til tidlegare samtale om avvikling av stiftinga Regionsenter for husflidnæring og kostnadsdeling mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune i samband med dette.

Stiftinga meldte avvikling til Lotteri- og stiftelsestilsynet per 31.03.2017. Stiftelsestilsynet har deretter gjort vedtak om å slette stiftinga frå Stiftelsesregisteret. Det var ein føresetnad for avviklinga at alle økonomiske krav er gjort opp. Samla krav for stiftinga summerte seg til 209.956 kroner. Sjå vedlagte oversikt over aktuelle krav. I tillegg kjem utgifter til juridisk bistand på 52.688 kroner.

Hordaland fylkeskommune har etter dette totalt lagt ut 262.644 kroner knytt til avvikling av stiftinga. Det er avtalt ei kostnadsdeling der Voss kommune skal dekkje 40 prosent av desse kostnadane. Vi ber difor om at 105.058 kroner vert overført til Hordaland fylkeskommune sin konto 5201.06.74239.

Med vennleg helsing

Pål Kårbø
Fungerande fylkesordfører